



## KALLSKARET © NATURRESERVAT



## KALLSKARET © NATURE RESERVE

 Kallskaret naturreservat vart oppretta i 1984 som ein del av mineralplanen for Møre og Romsdal. Formålet med vernet er å ta vare på førekomstar av bergarten eklogitt i dunitt. Naturreservat omfattar ca. 756 dekar og ligg i skaret mellom Herdalen og Tafjorden i Norddal kommune.

### Geologi

I Kallskaret er det markerte knausar med den olivinrike bergarten dunitt. Forvitra dunitt gjev knausane ei sterkt brunraud overflate. Forma på knausene viser tydeleg at dunitten ikkje forvitrar så lett som bergartane omkring, og rundt knausane finn vi raud jord med sand og småstein danna av dunitt. Her er også bergarten anortositt som i hovudsak består av felspatmineralet anorthitt.

I dunitten finn vi linser av bergarten eklogitt som er samansett av ein mørkeraud granat og ein grøn pyroxen. Det er funne fleire edelmineral her, som peridot (edelsteinsvarianten av oliven), thulitt og baryte.

Førekomsten gir verdfull informasjon om danningsmåtar for desse typane bergartar. Dei gjev også eit innblikk i korleis bergartar er sett saman i dei indre delar av jordskorpa ned mot grensa av mantelen, og har stor verdi for forsking og undervisning.

Monolitten Kallen er ein 20 meter høg stake. Den er utforma i dunitt og eit parti av kvit anortositt. Monolitten har blitt danna ved varierande motstandsdyktigheit mot frost sprenging.

### Vegetasjon

Den harde dunitten gjev eit tynt og basisk jordsmonn med lite vegetasjon. Nokre planteartar er karakteristiske for oliven- og serpentinegrunn. Døme på dette er fjelltjærebloem og enkelte småburkneartar.

### Inngrep og andre påverknader

Det går ei kraftline gjennom naturreservatet.

### VELKOMEN TIL KALLSKARET NATURRESERVAT

Vernet er ikkje til hinder for tradisjonelt friluftsliv eller vedlikehald av anlegg som ikkje skader grunnen.

Dersom grunneigar tillét det, kan ein plukke med seg små lause steinar til privat samlarføremål. Vi vil be om at du merkar deg at:

- det er forbod mot å ta ut mineralar ved bruk av hammar, kile og bor, samt sprenging. Det er heller ikkje lov å grave ut stein frå grunnen med spade eller liknande
- det er forbod mot å risse eller male på fjell eller steinblokker
- det er forbode å gjere opp varme i området då dette kan skade berggrunnen
- motorisert ferdsel er forbode

I reservatet er det elles forbod mot terrengeinngrep og utbygging.

Verneforskrifta og annan utfyllende informasjon om Kallskaret naturreservat er lagt ut på: [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) Sjå også [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)

### FORVALTNING, INFORMASJON OG OPPSYN

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshusa, 6404 Molde, Tlf. 71 25 80 00

Statens naturopsyn, Tlf. 73 58 05 00

[www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no) - [www.naturopsyn.no](http://www.naturopsyn.no)



Kallskaret Nature Reserve was established in 1984 as part of the minerals plan for Møre og Romsdal. The purpose of conservation is to preserve occurrences of eclogite rock in dunite. The nature reserve covers approximately 756 hectares, and is located in the pass between Herdalen and Tafjorden in the municipality of Norddal.

### Geology

In Kallskaret, there are distinctive knolls with the olivine-rich rock dunite. Weathered dunite gives the knolls a prominent brownish red surface. The shape of the knoll shows clearly that the dunite does not weather as easily as the surrounding rock types. Around the knolls, we find red soil with sand and pebbles formed from dunite. The rock type anorthosite, consisting mainly of the feldspar mineral anorthite, is also found here.

The dunite contains lenses of eclogite, consisting of a dark red garnet and a grass-green pyroxene. Several gem minerals have been found here, such as peridot (the gemstone variant of oliven), thulite and baryte.

The site provides valuable information about how these types of rock were formed. It also offers a glimpse of how rock types are combined in the inner parts of the Earth's crust down towards the boundary of the mantle, and is of great value for research and teaching.

The monolith Kallen is a 20 metre high column. It is made up of dunite and a section of white anorthosite. The monolith has been formed by varying resistance to frost weathering.

### Vegetation

Because of the hard dunite, the soil is thin and alkaline with little vegetation. Some plant species are typical in oliven and serpentine deposits. Examples include the Alpine catchfly and certain spleenwort species.

### Interventions and other impacts

A power line passes through the nature reserve.

### WELCOME TO KALLSKARET NATURE RESERVE

The protection does not prevent traditional outdoor life or maintenance of facilities that does not damage the land.

If the landowner allows it, you can pick up small loose stones for personal collection purposes. Please note that:

- Extracting minerals using a hammer, wedge, drill, or blasting is prohibited.
- Digging stone from the ground with a spade or similar is also prohibited.
- Carving or painting rock or boulders is not allowed
- Generating heat in the area is not allowed, because this may damage the bedrock
- Motor traffic is prohibited

In the reserve, interventions in the terrain are prohibited.

The conservation regulations and other supplementary information about Kallskaret Nature Reserve are available at: [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)

See also [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)

### MANAGEMENT, INFORMATION AND SUPERVISION

County Governor of Møre og Romsdal, Fylkeshusa, 6404 Molde, Telephone (+47) 71 25 80 00

Norwegian Nature Inspectorate, Telephone (+47) 73 58 05 00

[www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no) - [www.naturopsyn.no](http://www.naturopsyn.no)

